



Knut Willie Jacobsen

Garvik

5912 SEIM

Referanser:

Dykker:

Vår: 18/577 - 18/35820

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

29.11.2018

Løyve til oppføring av hestestall - gbnr 200/5 Sjausæter

Administrativt vedtak. Saknr: 648/18

Tiltakshavar: Bjarte Lunde

Ansvarleg søker: Arkitekt Knut Willie Jacobsen

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-2 bokstav b) driftsbyggning.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av driftsbygning i landbruket, hestestall, med bruksareal (BRA) målt til om lag 200 m² ut i frå innsendte teikningar, bygd areal (BYA) på om lag 211 m², jf. målsette ytre mål på innsendte teikningar.

Søknaden omfattar naudsnyt grunn- og terregnarbeid samt framføring av veg til bygget. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.02.18, supplert 10.10.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 10.10.18 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 er definert som LNF-føremål.

Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med tiltak som ligg innanfor det som rettleiaren Garden som ressurs definerer som landbruk.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.02.18. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 6 meter.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 30 meter.

Høgde møne i høve planert terreng er på teikningar oppgjeve til 5,948 meter.

Det er søkt om planeringshøgde på om lag kote + 58.

Vatn og avløp (VA)

Det i søknad ikkje gjort greie for om det skal leggjast inn vatn i bygget. Det ligg kommunal vassleidning langs kommunal veg. Eventuell påkobling til kommunalt anlegg krev eigen søknad og løyve.

Tilkomst, avkørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Avkørsle til offentleg veg er godkjent av vegstyresmakta i sak 18/578/vedtak datert 10.10.18.

Situasjonsplanen viser placering av bygg og veg fram til bygget frå kommunal veg.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av bygg og køyretilkomst.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Avfallsplan

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Drikkevatn

Tiltaket ligg i nedslagsfelt for drikkevasskjelde Sjausætvatnet. Saka har vore på høyring til Teknisk drift v/VA-avdelinga som har komt med slik uttale datert 13.11.18:

I forbindelse med utvida aktivitet i området med ny hestestall og fleire hestar, er det svært viktig at det blir skissert ein plan for handtering av hestemøkk.
Vi har dessverre opplevd fleire gonger at dette ikkje har blitt handtert på ein tilfreds stillande måte.

Det har ved fleire anledningar vert tatt opp med grunneigar at hestemøkk må lagrast på ein forsvarleg måte, samt fraktast ut av nedslagsfeltet til Sjausætvatn.
Når ein no legg opp til auka aktivitet i dette sårbare området der Sjausætvatnet skal brukast som reservevass kjelde, er det særskilt viktig for oss at det ligg føre ein god, forpliktande plan for handtering av hestemøkk.

For at dette skal bli handtert på ein tilfredsstillende måte, må mokka ikkje lagrast slik at ein får av renning frå deponi ned mot drikkevasskjelda.
Her må det etableras eit lager for hestemøkk under tak for vidare transport ut av nedslagsfeltet.
Dette for å unngå av renning ned mot vatnet.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Privatrettslege tilhøve

Ein føresetnad for vedtaket er at heimelshavar av gbnr. 200/5 er orientert om tiltaket jf. pbl. § 21-6.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttar rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering etter anna lovverk

Tiltaket krev hansaming etter gjødselvareforskrifta. Oppbevaring av hestemøkk skal skje i tett container og transporterast til godkjend deponi. Dette for å hindre avrenning til reserve drikkevasskjelde, Sjausætvatnet

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av driftsbygning i landbruket, hestestall, på eigedom gbnr. 200/5. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 01.02.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 10.10.18 og godkjent situasjonsplan datert 01.02.18.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Skal det liggje føre handsaming etter gjødselvareforskrifta. Det er Landbruksavdelinga hjå Lindås kommune som handsamar slik søknad og set rammer for gjødselhandtering.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/577

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitekt Knut Willie Jacobsen
Bjarte Haga Lunde

Lurevegen 304
Kleivdalsvegen

5912
5915

SEIM
HJELMÅS

Kopi til:

	290		
Bjarte Haga Lunde	Kleivdalsvegen	5915	HJELMÅS
	290		
Bjarte Lunde	Kleivdalsvegen	5915	HJELMÅS
	290		
Camilla Henanger Lunde	Kleivdalsvegen	5915	HJELMÅS
	290		
Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
----------------------	--------	------	------